

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Silje Helen Færøy	K3-&30, K1-122, K2-L71	26/741

Saksnr	Utval	Type	Dato
020/26	Ungdomsrådet	PS	31.08.2026
021/26	Eldrerådet	PS	31.08.2026
028/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	31.08.2026
072/26	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	01.09.2026
037/26	Levekårsutvalet	PS	02.09.2026
048/26	Formannskapet	PS	03.09.2026
	Kommunestyret	PS	

Framlegg til bustadsosial plan

Kommunedirektøren si innstilling

Bustadsosial plan for Suldal kommune (2026 - 2029) vert vedtatt slik han ligg føre.

Sand, 03.09.2026

Vedlegg:

Bustadsosial plan

Fakta

Planen er ein revisjon av bustadsosial plan frå 2012. Planarbeidet har kopla den bustadsosiale planen til kommuneplanen og overordna bustadstrategi.

Ny lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet tredde i kraft 01.07.2023. Lova er sentral i det bustadsosiale arbeidet. Føremålet med lova er å førebyggja bustadsosiale utfordringar og bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffa seg og behalda ein eigna bustad.

Lover, føresegner, rundskriv

Bustadsosiallova

Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (§15. Bustadar til vanskelegstilte)

Lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot

Lov om planlegging og byggesakshandsaming (Plan- og bygningslova)

Økonomiske konsekvensar

Den bustadsosiale planen legg ikkje opp til tiltak som vil ha økonomiske konsekvensar, men legg fram forslag til oppdrag som skal løysast i organisasjonen.

Folkehelse

Det bustadsosiale arbeidet er viktig i eit folkehelseperspektiv ettersom ein trygg og stabil busituasjon er ein grunnleggjande føresetnad for god fysisk og psykisk helse.

Manglande eller utrygg busituasjon kan føra til utanforskap og dårlegare levekår, noko som igjen påverkar helsa negativt.

Gjennom bustadsosialt arbeid kan ein førebyggje sosiale skilnader i helse ved å sikra at fleire får tilgang til eigna og trygge bustader. Ein føreseieleg busituasjon gjer det lettare å delta i arbeid, utdanning og sosiale fellesskap, som alle er viktige faktorar for god folkehelse

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Bustadsosial handlingsplan 2012 - 2016

Innkomne uttalar

I samband med revideringa har bustadgruppa, koordinerande eining samt fagleiar psykisk helse og ruskonsulent vore kopla på arbeidet. Dei har gitt innspel både kring dagens praksis, utviklingstrekk og forslag til endringar til revidert plan. Etter utkast til revidert plan var klar, vart planen sendt til helseavdelinga, Suldal bu- og aktivitet, Suldal heimetenester, NAV Suldal, kommuneoverlege, koordinerande eining og psykisk helse. Det kom to tilbakemeldingar, desse vart innarbeida i planen.

Vurdering og konklusjon

Bustadsosial plan gir ei oppdatert skildring av status, utfordringar og framtidige behov innan det bustadsosiale arbeidet i Suldal kommune. Planen byggjer på gjeldande lovverk, kommunen sine overordna mål og erfaringar frå tidlegare planperiode. Planen peikar på at hovudutfordringa ikkje er talet på kommunale bustader, men at bustadmassen må tilpassast betre til dagens og framtidige behov. Tiltaka legg til rette for meir strategisk forvaltning av bustadmassen, tydelegare organisering og betre samanheng mellom bustader og tenester.

Lenkje til planen i Framsikt; [Bustadsosial plan for Suldal kommune](#)

Kommunedirektøren vurderer at bustadsosial plan legg til rette for målretta prioriteringar og ei meir berekraftig utnytting av kommunen sin bustadmasse. Kommunedirektøren rår til at planen blir vedteken.

31.08.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

RMNF ønskjer å gi følgjande tilbakemelding til saka:

RMNF stiller spørsmål med kor planen frå 2025 kjem inn i denne samanhengen.

RMNF ønskjer at kommunen kunne tatt ei meir aktiv rolle i utvikling av nye bustadtilbod.

RMNF sender inn same uttale som me sendte til planen i 2025:

RMNF ønskjer å peike på at menneske med nedsett funksjonsevne som treng bistand heile døgnet på dei fleste livsområde, er ei gruppe som tradisjonelt sett ikkje har eigd eigen bustad. Denne gruppa får oftast ikkje del i den verdiskapinga det er å eige eigen bustad. Tvert imot ender dei opp med å betale husleige heile sitt vaksne liv. Menneske med funksjonshemmingar har som alle andre rett til å bu kor dei vil. Dei har også rett på å få den hjelpa dei treng der dei bur. Likevel kan dei i praksis ikkje velje og vrake i leigemarknaden, men ender oftast opp med å leige det som kommunen tilbyr, med dei vilkåra kommunen set. I Suldal har kommunen bygd bustader for funksjonshemma på Sand og på Suldalsosen. Desse kan ikkje selje bustaden sin på den opne marknaden slik som folk flest kan. Denne gruppa funksjonshemma er avhengig av tenester så å seie heile døgnet. Tenestene kan vere frå kommunen eller frå private, men som oftast er det frå kommunen. Slik er det også i Suldal. RMNF ønskjer at planen skal omtale korleis kommunen kan arbeide for at også denne gruppa kan komme over frå eit leigeforhold til å eige sin eigen bustad dersom dei ønskjer det. Dersom det skal vere mogeleg også for denne gruppa å bu kor dei vil i kommunen, bør det også omtalast i planen korleis tenestetilbodet kan organiserast. I tillegg bør leige kommunen tek stå i forhold til bebuaren sin inntekt og ikkje stige i takt med konsumprisindeksen slik det er no.

Desse argumenta står sterkare i dag no når crpd er inkorporert i norsk lov frå 01.012026.

RÅDF - 028/26 Vedtak:

RMNF stiller spørsmål med kor planen frå 2025 kjem inn i denne samanhengen.

RMNF ønskjer at kommunen kunne tatt ei meir aktiv rolle i utvikling av nye bustadtilbod.

RMNF sender inn same uttale som me sendte til planen i 2025:

RMNF ønskjer å peike på at menneske med nedsett funksjonsevne som treng bistand heile døgnet på dei fleste livsområde, er ei gruppe som tradisjonelt sett ikkje har eigd eigen bustad. Denne gruppa får oftast ikkje del i den verdiskapinga det er å eige eigen bustad. Tvert imot ender dei opp med å betale husleige heile sitt vaksne liv. Menneske med funksjonshemmingar har som alle andre rett til å bu kor dei vil. Dei har også rett på å få den hjelpa dei treng der dei bur. Likevel kan dei i praksis ikkje velje og vrake i leigemarknaden, men ender oftast opp med å leige det som kommunen tilbyr, med dei vilkåra kommunen set. I Suldal har kommunen bygd bustader for funksjonshemma på Sand og på Suldalsosen. Desse kan ikkje selje bustaden sin på den opne marknaden slik som folk flest kan. Denne gruppa funksjonshemma er avhengig av tenester så å seie heile døgnet. Tenestene kan vere

frå kommunen eller frå private, men som oftast er det frå kommunen. Slik er det også i Suldal. RMNF ønskjer at planen skal omtale korleis kommunen kan arbeide for at også denne gruppa kan komme over frå eit leigeforhold til å eige sin eigen bustad dersom dei ønskjer det. Dersom det skal vere mogeleg også for denne gruppa å bu kor dei vil i kommunen, bør det også omtalast i planen korleis tenestetilbodet kan organiserast. I tillegg bør leige kommunen tek stå i forhold til bebuaren sin inntekt og ikkje stige i takt med konsumprisindeksen slik det er no.

Desse argumenta står sterkare i dag no når crpd er inkorporert i norsk lov frå 01.012026.

31.08.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 021/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling

Bustadsosial plan for Suldal kommune (2026 - 2029) vert vedtatt slik han ligg føre.

01.09.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 072/26 Vedtak:

Bustadsosial plan for Suldal kommune (2026 - 2029) vert vedtatt slik han ligg føre.

02.09.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

LEV - 037/26 Vedtak:

Bustadsosial plan for Suldal kommune (2026 - 2029) vert vedtatt slik han ligg føre.